

Forskrift om

OPEN BRENNING OG BRENNING AV AVFALL I SMÅOMNAR

Fastsett av Førde bystyre i sak 46/03 den 25.9.03, i medhald av lov av 13. mars 1981 om vern mot ureining og om avfall (ureiningslova), § 9, jfr Miljøverndepartementet sitt delegeringsbrev av 19. juli 2001.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å hindre ureining og helseproblem, som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2 Virkeområde

Forskrifta gjeld for open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunen sine grenser.

§ 3 Definisjonar

Uttrykk i forskrifta har denne tydinga:

- a) Open brenning; -all brenning som skjer utandørs.
- b) Småomnar; -forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Statens Forurensingstilsyn eller fylkesmannen eller er godkjent brukt etter statlege forskrifter etter ureiningslova.

§ 4 Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode om ikkje anna følgjer av § 5 i forskrifta.

§ 5 Unntak frå forbodet

Følgjande brenning skal likevel være tillate:

- a) Open brenning frå grill, utepeis og kaffibål.
- b) Brenning av avfallstrevirke i vedomn, med unntak av impregnert og malt trevirke.
- c) Brenning av avispapir og liknande i vedomn.
- d) Bråtebrenning og brenning av tørt hageavfall utanfor tettbygde strøk.

§ 6 Dispensasjon

Rådmannen kan etter søknad, i særlege høve gi dispensasjon frå forbodet i § 4.

§ 7 Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med at reglane i denne forskrifta vert haldne.

§ 8 Klage

Vedtak etter denne forskrifta er å rekne som enkeltvedtak og kan påklagast til kommunen sitt faste klageutval.

§ 9 Straff

Brot på forskrifta kan medføre straffeansvar, jf ureiningslova § 78.

§ 10 Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft frå 1.1.04.